

Litt om Nils Tjoflot

Nils Ellingson Tjoflot vart fødd på garden Ytrabødn på Tjoflot i 1865. Han var ein barn og mista far sin allereie då han var 5 år gamal. Det var ingen spelemenn i ætta før han, men det var mange spelemenn på Tjoflot og soleis fatta også Nils interesse for felespel. Han fekk seg fele då han var 7 år gamal og vart etter kvart ein særleg god spelemann som var kjend i heile Hardanger. Han byrja å spela i bryllaup då han var ti år gamal og spela elles i ulike samkomer i heile Hardanger. Han spela og på kappleikane som vart arrangert av Vestmannalaget i Bergen i 1896 og 1897. Sjølv om Nils gjekk i lære hjå både Ola Håstabø i Kvandal og Ola Mossafinn på Voss vart han rekna som ein føregangsmann innan valsaspelet i Hardanger med ein særeigen spelestil. Gjennom møte med dei mange turistskipa som kom inn Hardangerfjorden fekk nok Nils impulsar frå anna europeisk musikk og forteljingar om at Nils hadde besøk av Karl-Fant og ei trist kjærleikshistorie om ei jente som vart kalla Gina prega nok og musikken. Rikard Berge skriv i artikkelen "Spelemenn" at Nils Tjoflot var ein av dei dyktigaste spelemennene i Hardanger og det til tross for at Nils Tjoflot omkom i eit forlis i 1898, berre 33 år gamal.

Soga om forliset

"Sundag den 10. juli 1898 om ettermiddagen drog han med den spesialbygde seglbåten sin til Granvin. Han var ofte der og hadde mange venner og kjenningar frå konfirmasjonstida, deriblant mange som spela fele. Både Severin Kjerland og Nils Nilsson Eide var beundrarar av Nils. Denne sundagen var det to menn til i båten, det var Endre Sjurson Kvammen og Jon Tjoflot. I Granvin skulle han spela på ein låvedans, og denne vara til langt på natt.

Det var morgon då dei tre skulle reisa attende med seglbåten til Tjoflot. Dei sette seg i båten. Nils framme med fela og Endre ved roret. Nils skal ha sagt: «Me sigle under det da norska flagget.» Han drog opp rullen «Blåmannen» som han hadde lært av Håstabøen. Snart var dei langt ute i fjorden og tonane høyrdest ikkje lenger for dei som stod i land og følgde båten med augo. Brått skjedde det, dei la opp ei vending opp mot vinden. Båten la seg over og tok inn vatn; han hadde tung ballast, stein med grind over, og sokk på nokre augneblink. Det heile gjekk så fort at ingen på land forstod heilt kva som skjedde. Folk rodde ut straks, men det var ingenting å sjå då dei kom fram. Snart etter flaut fela og hatten til Nils opp og det var alt. Det vart stor sorg, Nils var ein populær kar som var kjent for arbeidsviljen, kunstnarsinnet og framferda si."

Oppgåva

1. Innsamling frå arkiv, nolevande spelemenn og andre kjelder av slåttar og historiar etter Nils Tjoflot. Både den lokale musikken, men og sjekke linkar opp mot europeisk klassisk musikk.
2. Spele inn alt på CD med historisk teksthefte. Her er det mogeleg å syne fleire sider av musikken. T.d. tradisjonelt og solo, tradisjonelt i samspel, i ein eksperimentel stil med klassiske instrument som Nils Tjoflot gjerne har fått inspirasjon frå.
3. Målet er å kunne bruke delar av dette materialet til å skrive/produsere teater, skulekonsertar, o.l. (Tema t.d.: møte med Karl-Fant, den tragiske kjærleikshistoria om Gina, musikarmøte på turistskip i Hardanger, møte mellom den klassiske og tradisjonelle musikken).

Del 1

Prosjektet byrjar med å hente inn så mykje informasjon om Nils Tjoflot og slåttane hans som mogleg. Då vil det vera naturleg å besøkje Folkemusikksamlinga på Hardanger Folkemuseum på Utne. Der finn ein og fela etter Nils Tjoflot, den som flaut oppatt då han på tragisk vis drukna på fjorden. Samstundes har me fleire svært kunnskapsrike spelemenn i og frå Hardanger som ein lyt besøkje. Der kan ein nemne Ingeleiv Kjerland Kvammen, Erik Mjelde, Arne Jordan, Knut Hamre, Øystein Velure og Frank Rolland som dei fremste. Hå dei ulike spelemennene kan ein få informasjon om ulike slåttar og kanskje ulik informasjon om dei same slåttane. Det vil og vera interessant å høyre kva dei ulike spelemennene har å fortelje om livet til Nils Tjoflot, kva som har vorte sagt på folkemunne sidan hans tid. Det som kanskje vil vera det vanskelegaste arbeidet med innhenting av informasjon er arbeidet med å samanlikne Tjoflotslåttane med musikk frå andre stader i Noreg og Europa. Det kan likevel vera spanande å utforske dette, sidan me veit at Nils Tjoflot har fått impulsar frå tilreisande til Hardanger. Her kan ein og kanskje få nokre svar på korleis og kvifor Nils Tjoflot er kjend for sin heilt særeigne spelestil, til tross for sit korte liv.

Del 2

I andre del av prosjektet gjeld det å finne ulike, men relevante uttrykk med musikken etter Tjoflot i sentrum. Eg ser for meg ei CD-plate med både soloinnslag, hardingfele og piano, hardingfele og orkester og samspel mellom hardingfeler. Her vil det og vera spanande å sjå om ein har funne linkar til klassisk musikk eller folkemusikk frå andre land som Nils Tjoflot kan ha fått inspirasjon frå. Cd-en lyt og ha eit fyldig historisk teksthefte med historiane om både Nils Tjoflot og slåttane etter han. Her kan ein og skrive litt om kven andre spelemenn som og har spela dei ulike slåttane og kanskje få fram kva impulsar dei ulike slåttane kan vitne om å ha med seg vidare spesielt frå Nils Tjoflot.

Del 3

Målet med prosjektet er å kunne bruke musikken og historia til Nils Tjoflot til å produsere ei forestilling/teater eller ein konsert, som igjen kan nyttast som skulekonsert. Det er eit vesentleg mål å til slutt kunne formidle vidare det materialet ein har samla inn og det er generelt viktig å formidle folkemusikken og folkemusikkhistoria vidare til born og ungdom.